



TEIGEN BYGG & TRELAST AS

Opsangervegen 18

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Hilde Kjelstrup	452 10 707	2020/1029-29		03.09.2021

## Avslutting av tilsyn - Fleire tiltak - 81/240 og 81/36 - Rosendal

Vi viser til pålegg om retting og fjerning av fleire tiltak av 20.05.2021 (vår ref. 2020/1029-22) som gjaldt retting av ytterste del av molo på gnr/bnr 81/36 og plastring i strandkanten, mur og gangveg på gnr/bnr 81/240 og 81/36 ved at dette måtte fjernast. Tiltaka skulle rettast innan 01.09.2021.

Vi fekk bilder tilsendt 17.08.2021 som viste at oppmurt område i front av molo var fjerna, gangsti var fjerna, og oppmurt stor stein i fjæra var fjerna. Representantar frå kommunen var og på synfaring på plassen 19.08.2021. Vi vurderer at arbeidet som er gjennomført er tilstrekkeleg for å oppfylle pålegget av 20.05.2021. Vi presiserer at attverande plastring langs sjø er vurdert å vere plastring som var på plassen før oppføring av tiltak i strid med plan- og bygningslovgivinga. Vi avsluttar med dette saka om retting og fjerning av fleire tiltak på gnr/bnr 81/36 og 81/240.

Vi gjer merksam på at kommunen vil vurdere ilegging av gebyr som sanksjon på brot på føresegner i plan- og bygningslova, som varsla saman med varsel om pålegg. Slik sanksjon kan fattast sjølv om tiltaket vert retta eller endringa godkjend i ettertid. Heimelen for dette føl av pbl. § 32-8 og byggesaksforskrifta kapitel 16. Ilegging av gebyr for brot vil bli varsla særskilt.

Med helsing

Hilde Kjelstrup  
*Juridisk rådgjevar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:  
Knut Hatteberg

Garden 126